

ÅRSRAPPORT 2020

SYKKYLVEN KYRKJELEGE FELLESRÅD



Foto: Hallvard Sandvik

Innhaldsliste

1. Innleiing.....	3
1.1. Medlemmar i Den norske kyrkja, Sykkylven-Ikornnes	4
1.2. Nytt lovverk frå 01.01.2021.....	5
1.3. Ansvaret og oppgåvane til Sykkylven kyrkjelege fellesråd	5
2. Fellesrådets samansetning	6
2.1. Medlemmar i Sykkylven kyrkjelege fellesråd	6
2.2. Medlemmar i administrasjonsutval	6
2.3. Medlemmar i økonomiutval	6
2.4. Medlemmar i gravplassutval.....	6
3. Eit utdrag av sentrale saker i 2020.....	7
4. Dei tilsette	13
5. Kyrkjene.....	13
5.1. Kyrkjelege handlingar.....	13
5.2. Koronapandemien (Covid-19).....	13
5.2.1 Beredskapskjøkken	15
5.3. Investeringar og vedlikehald.....	15
6. Sykkylven kyrkjegard – gravplassen i Sykkylven kommune	16
6.1. Innleiing	16
6.2. Underrapportering.....	16
6.3. Statlege stimuleringsmidlar	16
6.4. Samarbeidspartnarar	17
6.5. Minnelund.....	17
6.6. Av større saker i det vidare	18
7. Økonomi	18
8. Oppsummering/målloppnåing/resultat.....	19
8.1. Eit heilt spesielt år	19
8.2. Økonomi	19
8.3. Kyrkjebygga.....	20
8.4. Gravplassen.....	20
8.5. Tilsette	20
8.6. Grunnlag for framleis drift.....	20

1. Innleiing

Den norske kyrkja (Dnk) sin organisasjonsstruktur skal sikre at kyrkjas medlemmar opplever at kyrkja er til stades i sorg og glede, i kvardag og fest. Medlemmene skal kunne feire gudsteneste, delta i kyrklege handlingar, oppleve diakoni, trusopplæring, kultur og kyrklege fellesskap i sitt eige lokalmiljø. Organisasjonsstrukturen skal også sikre at medlemmane har innverknad på si eiga kyrkje. Organisatorisk skjer dette ved at nokre av medlemmane er demokratisk valde til dei styrande organa; Ikornnes sokneråd, Sykkylven sokneråd og Sykkylven kyrklege fellesråd. Sokneråda vel også medlemmar til ulike grupper/nemnder/utval som eksempelvis trusopplæringsutval, misjonsutval, diakoniutval, utsmykkingsnemnd og prosjektgrupper. I tillegg til dette har kyrkjelydane mange frivillige/ulønna medarbeidrarar som på ulikt vis står i teneste for kyrkja si; vår Gud og for sin neste. Dette er eit av særprega ved denne organisasjonen der ei av primæroppgåvene til kyrkjelydane, sokneråda og dei tilsette nettopp er å legge til rette for engasjement og involvere og inkludere til frivillig innsats.

Det er summen av alle «fot- og handavtrykk» som ér kyrkja i Sykkylven-Ikornnes.



Visjonen til Den norske kyrkja er å skape *Meir himmel på jorda*.

Kyrkja vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus ved å være:

vedkjennande

Vi vedkjenner trua på og tilber den treeinige Gud
saman med den verdsvide kyrkja.

open

Vi er eit fellesskap prega av likeverd, deltaking og respekt for mangfold.

tenande

Vi viser miskunn, fremjar rettferd og vernar om skaparverket.


misjonerande

Vi vitnar om Jesus Kristus lokalt og globalt.

1.1. Medlemmar i Den norske kyrkja, Sykkylven-Ikornnes

I Sykkylven kommune har vi 2 sokn med kvart sitt sokneråd og med kvar sine kyrkjer. Ved utgangen av år 2020 var det til saman 6045 medlemmar og tilhøyrande i Den norske kyrkja i Sykkylven-Ikornnes. Ikornnes sokn med 1302 (som er 4 færre enn året før) og Sykkylven sokn med 4743 (som er 34 færre enn året før). Prosentvis utgjer dette ei medlemsmasse på 79,6 prosent av antall innbyggjarar i Sykkylven kommune.

Demografien for Sykkylven-Ikornnes ser slik ut:



1.2. Nytt lovverk frå 01.01.2021

Etter ein lengre prosess vedtok Stortinget «Lov om tros- og livssynssamfunn (trossamfunnsloven)» i lovvedtak 78 (2019-2020) den 14. april 2020, med verknad frå 01.01.2021. «Lov om den norske kyrkje (kirkeloven)» vart med dette oppheva ved årsskiftet 2020/2021 og erstatta med den nye lova der kapittel 3 spesifikt omhandlar Den norske kyrkja.

Året vi rapporterer på (år 2020) i denne rapporten gjeld altså etter same lovverk som tidlegare år, frå 7. juni 1996.

1.3. Ansvaret og oppgåvene til Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF) tek hand om visse definerte oppgåver på vegne av sokna og Sykkylven kommunen. Dette er lovfesta i kyrkjelova §14 «hovudparagraf». SKF er i tillegg forplikta til føremålsparagrafane ein finn i §1 og §28.

Ansvaret til SKF er:

- administrative og økonomiske oppgåver på vegner av sokna
- å utarbeide mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen
- å fremje samarbeid mellom kyrkjelydane
- å ta hand om interessene til sokna i høve til kommunen.

Slik blir SKF eit strategisk samhandlingsorgan, både for sokna seg imellom og for kontakten mellom sokna og kommunen.

Dei viktigaste oppgåvene til SKF er:

- bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer, gravplass og kyrkjeinventar
- å skaffe og drive kyrkjekontor (inklusive prestekontor)
- å skaffe lokale, utstyr og materiell til konfirmasjonsundervisninga – også tilrettelegging for konfirmantar med særskilde behov
- å ha arbeidsgjevaransvar for dei som er løna over fellesrådsbudsjettet (opprette og legge ned stillingar, tilsetje og seie opp arbeidstakrar og ansvar for arbeidsmiljø)
- å forvalte felles økonomi (midlar/tilskot frå kommunen, midlar/tilskot frå staten til m.a. undervisning, diakoni og kyrkjemusikk, midlar som kyrkjelydane stiller til disposisjon eller overlét til fellesrådet, gåver/arf m.m. til kyrkjebygg, stillingar...)
- å sørge for administrativ hjelp til prosten når staten stiller midlar til disposisjon

Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF) er ei verksemd i bevegelse. Dette ved at vi tør å tenke nytt samtidig som vi vil og skal ta vare på dei gode tinga som er opparbeid gjennom mange år. Dette skjer gjennom godt samarbeid i stab, Fellesråd, Sokneråd og dei mange ulønna/frivillige medarbeidarane.

Vi gler oss over alle gode og positive tilbakemeldingar vi stadig får frå både innbyggjarar i Sykkylven-Ikornnes og tilreisande. Vi set også pris på konstruktive tilbakemeldingar som kan gjere kyrkja enda betre.

2. Fellesrådets samansetning

2.1. Medlemmar i Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Frå Ikornnes sokneråd:

Ellen Brautaseth Vatne (nestleiar)
Bergljot Hjortdal
Vararepr.: Ingmund Eliassen

Frå Sykkylven sokneråd:

Torbjørn Støylen (leiar)
Therese Kristin Utgård
1. vararepr.: May Lisbeth Hovlid Aurdal
2. vararepr.: Bjørg Djupvik Grebstad

Geistleg representant:

Svein Runde (prost)
1. vararepr.: Simen Elias Nordbrønd Myklebust
2. vararepr.: Erlend Lunde

Kommunal representant:

Birgitte Johanne Sætre Bonesmo
1. vararepr.: Odd Jostein Drotninghaug (ordførar)
2. vararepr.: Anita Sølv Vollstad

Sekretær og kyrkjeverje/dagleg leiar:

Arild Sporsheim

2.2. Medlemmar i administrasjonsutval

Frå fellesrådet:

Torbjørn Støylen (*fellesrådsleiar*)
Ellen Brautaseth Vatne (*nestleiar*)
Svein Runde (*geistleg representant*)

Frå dei tilsette:

Rose Iren Stave (*kantor*)
Arild Sporsheim (*kyrkjeverje/dagleg leiar*)

2.3. Medlemmar i økonomiutval

Torbjørn Støylen (*fellesrådsleiar*)
Ellen Brautaseth Vatne (*nestleiar*)
Arild Sporsheim (*kyrkjeverje/dagleg leiar*)

2.4. Medlemmar i gravplassutval

Bergljot Hjortdal (*fellesrådsmedlem*)
Therese Kristin Utgård (*fellesrådmedlem*)
Arild Sporsheim (*kyrkjeverje/dagleg leiar*)

3. Eit utdrag av sentrale saker i 2020

F-sak 03/20 Fastsetting av rekneskapet for 2019

Kyrkjeverjen og fellesrådsleiaren kunne informere fellesrådsmedlemmane om eit svakt positivt resultat år 2019 på kr. 39 210,-.

Hovedårsakane til dette er:

1. Reduserte lønnsutgifter på om lag kr. 100 000,- grunna langtidssjukmelding og utskiftingar i staben (3 mnd. vakanse).
2. Ingen overføring av lønnsmidlar til 25% lønn ungdomsarbeidar.

Dette vart gjort i åra 2003 til 2017 jf. kommunalt vedtak i 2003.

Vedtak:

Fellesrådet tok det til vitande.

Rekneskapet 2019 vart fastsett med eit positivt årsresultat 2019 på kr. 39 210,- som i si heilheit vert brukt til å redusere eit opparbeida underskot frå kr. 274 102,- til kr. 234 893,-.

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

F-sak 04/20 Revidert budsjett 2020

Kyrkjeverjen og fellesrådsleiaren informerte om at Sykkylven kommune har ikkje innfridd søknaden (F-sak 16/19) om ei kommunal ramme på kr. 4 699 000,- til drift administrasjon, kyrkjer og gravplass for år 2020. Kommunestyret har vedtatt eit driftstilskot på kr. 4 158 000,-. Dette er eit tillegg på kr. 125 000,- (3,1%) frå tilskotet i 2019 og vil i praksis være ei justering/etterbetaling for lønns- og prisvekt. Dette til tross for den nye informasjonen om underrapporterte utgifter til gravplassforvaltningen, samt utfordingane med å tilbakebetale/dekke inn igjen tidlegare års negative resultat.

Kommunalt driftstilskot til kyrkjeleg fellesråd 2020 er dermed på kr. 4 158 000,-. I tillegg er det gitt ei kommunal løvving på kr. 300 000,- i investeringstilskot.

Vedtak:

Kyrkjeleg fellesråd vedtok revidert budsjett etter forslag frå kyrkjeverjen, i samråd med fellesrådsleiaren.

Hovudpunktata for eit budsjett i ballanse er:

1. Fordelinga til avd. 43 (gravplass) er auka med kr. 282 900,-. Fordelinga til avd. 43 utgjer dermed 25% av det kommunale driftstilskotet for 2020.
2. Kr. 150 000,- (til 25% løn ungdomsarbeidar) er ikkje trekt ut. Viser m.a. til tidlegare samtalar med kommunedirektøren der det vart sagt at fellesrådet ikkje er forplikta til dette.
3. Kr. 300 000,- til investering er inntektsført mot kontonummer 18301, men bruken av desse (kontonummer 12001) er justert ned til kr. 240 000,-. Dette for å forsvare foreslått nedbetaling av tidlegare års meirforbruk/underskot (jf. neste pkt.). Viser til manglande utbetaling i 2016 som mandat for å gjere dette.
4. Samla underskot ved inngangen til år 2020 er kr. 234 893,- og dette er budsjettert nedbetalt med kr. 46 831,-.

Budsjettet er lagt inn med full bemanning og dei øvrige budsjettpostane i høve til forventa drift.

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

F-sak 15/20 Kommunal ramme til drift administrasjon, kyrkjer og gravplass 2021
Kyrkjeverjen orienterte om budsjettbehandlinga i økonomiutvalet og om forslaget til budsjett 2021.

Vedtak:

Sykylven kyrkjelege fellesrådet (SKF) gjorde i F-sak 15/20 vedtak om budsjett 2021 med ei communal ramme på til saman kr. 4 816 475,- til drift administrasjon, kyrkjer og gravplass for år 2021. Dette er eit budsjett i ballanse og med ein tredjedels nedbetaling av opparbeidd gjeld.

Avdelingsvis fordeling av kommunalt tilskot 2021

jf. F-sak 15/20

Kommunal ramme for 2021: kr 4 816 475,00

Månadleg tilskot:	Ant. mnd.:	Samla tilskot:	Administrasjon			Kyrkjer			Gravplass			
			Avd. 41:	Avd. 42:	Avd. 43 (25%):	Avd. 41:	Avd. 42:	Avd. 43 (25%):	Avd. 41:	Avd. 42:	Avd. 43 (25%):	
kr	401 372,92	12	kr 4 816 475,00	kr 105 360,39	kr 195 669,30	kr 100 343,23	kr 1 264 324,69	kr 2 348 031,56	kr 1 204 118,75	kr 1 264 324,69	kr 2 348 031,56	kr 1 204 118,75
		Årstotal:	kr 4 816 475,00	kr 1 264 324,69	kr 2 348 031,56	kr 1 204 118,75	kr 1 264 324,69	kr 2 348 031,56	kr 1 204 118,75	kr 1 264 324,69	kr 2 348 031,56	kr 1 204 118,75

SKF framhevar at 25% av den totale ramma vi søker om eksplisitt gjeld den kommunale gravplassforvaltninga og viser til dialogen med økonomisjef Bergstrøm vedrørande dei tidlegare års underrapporteringar i forhold til dei reelle kostnadane. Det vises også til at vi har funne det rett å utgiftsføre uløna/frivillig arbeid i lovpålagt oppgåver som ei overføring til felles fond til sokneråda.

SAMANDRAG

Kyrkjene i Sykylven-Ikornnes er viktige samlingsstadar for barn, unge, vaksne og eldre. Innhaldsrike og funksjonelle lokaler gir mange tilbod til innbyggjarane i Sykylven kommune og ei gjennomsnittleg veke samlar mykje folk til meir enn 30 ulike aktivitar. Det være seg foreldre barn, søndagsskule, studiedag for lærarar, barneklubar, gravferder, dåpssekskap, korøvingar, gudstenester, samværsstad i regi av barnevern, middagar, leiartrening, bandøvingar, bønesamlingar, alternativ rus(s), konsertar, konfirmatundervisning, speidaropptak, ungdomskveldar, tysdagstrekk/formiddagstrekk, for å nemne nokon. I tillegg til trusopplæring er det med stort frimod at vi også peikar på kyrkja som viktig aktør både i kulturlivet og i folkehelsearbeidet i bygda vår.

Manglande communal bevilgning gjer at kyrkjeleg fellesråd har opparbeid seg eit stort uindekka meirforbruk. Dette til tross for stor grad av frivillig/uløna innsats og soknerådsfinansierte investeringar/prosjekt. Hovudårsakane til meirforbuket er mangelfull etterbetaling for lønns- og prisvekst og underrapporterte utgifter til gravplassforvaltninga. Sykylven kommune brukar med dette mindre enn 1% av totale netto driftsutgifter til netto driftsutgifter kyrkje, noko som er mindre enn samanliknbare kommunar og KOSTRA-gruppe 7.

GRUNNGJEVING

Underrapporterte utgifter til gravplassforvaltninga

I slutten av april 2019 var fellesrådsleiar, -nestleiar og kyrkjeverjen i møte med økonomisjef Bergstrøm og då vart det tydeleggjort at gravplassforvaltninga er underrapportert i forhold til dei reelle kostnadane. Dette gir seg særleg utslag i budsjettpostane som gjeld lønn, arbeidsgjevaravgift og pensjon for utearbeidarane, den interne overføringer knytt til administrative lønnskostnadars, samt budsjettposten for graving av graver.

Korrigeringane for dette gjer at fordelingsnøkkelen til gravplassforvaltning er endra frå 15% i 2010 til 25% i 2020. Dette betyr at det kommunal tilskotet til trussamfunnet Den norske kyrkja i Sykkylven-Ikornnes er sterkt redusert. **For 2021 utgjer denne endringa heile kr. 481 648,- i auka fordeling til gravplassforvaltninga**, som eksplisitt gjeld den kommunale gravplassforvaltninga for alle kommunens innbyggjarar uavhengig av trus- og livssyn.

Vedlagt (vedlegg 1) kommunestyrevedtak den 20.09.2010 dokumenterer kva fordelingsnøkkelen som vart brukt. Den viser også at vi fekk på plass ein garanti for meirkostnadene til graving av graver. Utfordringa er at kostnaden med kr. 5800,- pr. grav i 2010 er auka til kr. 6850,- i 2020. Dermed er budsjettposten (avd. 43, kontonummer 18300) kr. 420 000,- for 2021, mot kr. 350 000,- i 2010.


Stort avvik mellom søknad og tildeling

Som tabellane nedanfor viser er det stort avvik mellom søknadsbeløp og tildelingsbeløp.

Kommunal tildeling 2010-2020

Til drift administrasjon, kyrkjer og gravplass.


<u>2010</u>	<u>2011</u>	<u>2012</u>	<u>2013</u>	<u>2014</u>	<u>2015</u>	<u>2016</u>	<u>2017</u>	<u>2018</u>	<u>2019</u>	<u>2020</u>
kr 3 564 000	kr 3 531 592	kr 3 629 000	kr 3 629 000	kr 3 629 000	kr 3 829 000	kr 3 933 000	kr 3 933 000	kr 3 933 000	kr 4 033 000	kr 4 158 000
<i>Endring:</i>										
kr 1 000	kr -32 408	kr 97 408	kr -	kr -	kr 200 000	kr 104 000	kr -	kr -	kr 100 000	kr 125 000
0,03 %	-0,91 %	2,76 %	0,00 %	0,00 %	5,51 %	2,72 %	0,00 %	0,00 %	2,54 %	3,10 %



Søknad om kommunal ramme 2011-2020

Til drift administrasjon, kyrkjer og gravplass.

<u>2011</u>	<u>2012</u>	<u>2013</u>	<u>2014</u>	<u>2015</u>	<u>2016</u>	<u>2017</u>	<u>2018</u>	<u>2019</u>	<u>2020</u>
kr 3 743 000	kr 3 920 000	kr 4 010 000	kr 4 010 000	kr 4 170 400	kr 4 295 512	kr 4 424 377	kr 4 601 532	kr 4 584 839	kr 4 699 000
<i>Endring:</i>									
kr 177 000	kr 90 000	kr -	kr 160 400	kr 125 112	kr 128 885	kr 177 155	kr -16 693	kr 114 161	
4,73 %	2,30 %	0,00 %	4,00 %	3,00 %	3,00 %	4,00 %	-0,36 %	2,49 %	



Krav om årleg løns- og prisjustering

Lik dei kommunale einingane har kommunestyret vedtatt at den kommunale rammeløyvinga til Sykkylven kyrkjelege fellesråd også skal justerast årleg for lønns- og prisvekst. Dessverre har ikkje dette skjedd årleg. Rammeendringa frå år 2014 til 2015 skyldast ei oppsamla etterbetaling for lønns- og prisvekst og i tildelingsbrevet frå kommunen stod det følgjande: «Tilskotet til Kyrkjeleg fellesråd har vore fryst frå år 2010 tom år 2014. I budsjett for år 2015 vart det lagt inn midlar til lønns- og prisjustering etter den kommunale deflatoren (satsen staten nyttar ved vidareføring av løyvingar).». Men som tildelingstabellen ovanfor (*kommunal tildeling 2010-2020*) viser har tilskotet på nyt vore fryst frå 2016 til 2018 før ei ny etterbetaling for 2019 med følgjande kommentar: «Bakgrunnen for auken i ordinært driftsbudsjett er lønns- og prisauke.». For 2020 var det ingen kommentar, men det var gjort ei auke på 3,1%.

Det må være eit krav frå Sykkylven kyrkjelege fellesråd at justeringa for lønns- og prisvekst skjer årleg. Vi må også kunne forvente ein kommentar og ei enkel oppstilling som viser utrekningsgrunnlaget for det tillagte beløpet.

Udekka underskot


Resultatet av dei låge tildelingane er at den nyare rekneskapshistoria til Sykkylven kyrkjelege fellesråd prega av meirforbruk/underskot.

Disposisjonsfondet pr. 31.12.2019 viser ein negativ saldo på kr. 234 893,-.

Årsresultat 2012-2019

Drift administrasjon, kyrkjer og gravplass.

	<u>2012</u>	<u>2013</u>	<u>2014</u>	<u>2015</u>	<u>2016</u>	<u>2017</u>	<u>2018</u>	<u>2019</u>
Negativ saldo	Rammeløyving: kr 3 629 000	Rammeløyving: kr 3 629 000	Rammeløyving: kr 3 629 000	Rammeløyving: kr 3 829 000	Rammeløyving: kr 3 933 000	Rammeløyving: kr 3 933 000	Rammeløyving: kr 3 933 000	Rammeløyving: kr 4 033 000
frå før 2012:	Årsresultat: kr -27 741	Årsresultat: kr -23 492	Årsresultat: kr 51 233	Årsresultat: kr -119 046	Årsresultat: kr 40 429	Årsresultat: kr -157 211	Årsresultat: kr -142 674	Årsresultat: kr 104 400



Udekka underskot pr. 31.12.2019 = kr -234 893

Store tiltak for å sikre eit positivt årsresultat i åra 2018 og 2019

Årsaka til dei økonomisk positive årsresultata i 2018 og 2019 skyldast i hovudsak 2 store tiltak, samt reduserte lønnsutgifter.

Det første tiltaket omhandlar eit beløp på kr. 150 000,- som ikkje vart overført/rammefordelt til sokneråda for 25% lønn til ungdomsarbeidar. Ungdomsarbeidet er eit av satsingsområda til kyrkjja og i samband med dette har vi fram til år 2017 fordelt ein del av den kommunale ramma til 25% løn av Ungdomsarbeidar. Denne fordelinga har si historie tilbake til kommunens og politikaranes konkrete tiltak for å førebygge nye tilfelle av overdose blant bygdas ungdomar. Av ulike arbeidsoppgåver til denne ungdomsarbeidaren kan nemnast; Open Storhall, Alternativ Rus(s) og MOT Sykkylven. Utfordringa for Sykkylven kyrklelege fellesråd er at desse midlane ikkje er «friske» pengar gitt som ekstra løyving, men er baka inn kommunens rammetilskot til drift av administrasjon, kyrkjer og gravplass. Her viser vi til fleire møter med økonomisjef Bergstrøm og tidlegare rådmann Lillestøl og dåverande rådmann Molvær Grimstad med melding om at vi ikkje er forplikta til å overføre dette beløpet. Vi viser også til at dette ikkje er ei lovpålagnad oppgåve for Sykkylven kyrklelege fellesråd som med dette har gitt ei betydeleg auka belastning til sokneråda.

Det andre tiltaket omhandlar at vi berre brukte kr. 114 903,- av investeringstilskotet på kr. 300 000,- for 2018. Dette er om lag kr. 90 000,- lågare enn den budsjetterte målsettinga. SKF budsjetterte altså med ein redusert bruk som tiltak for å redusere det opparbeida underskotet på kr. 378 502,- ved inngangen til 2018. Vi viser til manglande utbetaling av investeringstilskot 2016 som mandat for å gjere dette. Utfordringa er at utsetting av viktige investerings- og vedlikehaldsprosjekt gir uheldige konsekvensar både for den daglege drifta og ved å kunne forverre tilstanden eksempelvis til sidetaka på Ikornnes kyrkje som må skiftast ut grunna därleg tilstand.

Dei reduserte lønnskostnadane i 2019 var om lag kr. 100 000,- grunna langtidssjukmelding og vakanse. I tillegg har vi punktet nedanfor i forhold til manglande utgiftsføring av uløna/frivillig innsats i kommunalt lovpålagede oppgåver.

Uløna/frivillige medarbeidrarar i lovpålagte oppgåver

Dei lovpålagede oppgåvene til Sykkylven kyrklelege fellesråd er prega av uløna/frivillige medarbeidrarar. Vi har mellom anna erstatta ei 20% kyrkjetenarstilling med til saman 12 frivillige kyrkjetenarar i begge kyrkjene. I 4 år, frå 2014-2018, hadde vi også ein frivillig økonomi-medarbeidar i om lag 20% stilling. Mange ulike bygg og vedlikehaldsprosjekt har også blitt gjennomført med bruk av frivillige/uløna medarbeidrarar, samt ulike lag og organisasjonar.

I samråd med økonomiutvalet finn vi det rett å utgiftsføre kr. 75 000,- som intern overføring (avd. 42, konto 13800) til felles fond for sokneråda, trusopplæringsfondet for barn og unge. Den uløna/frivillige innsatsen som kyrkjetenarar i kommunalt lovpålagede oppgåver kjem dermed kyrkjelydsarbeidet til gode.

Likviditet grunna lån frå kyrkjelydane sine innsamla midlar

Sykkylven kyrklelege fellesråd (SKF) har med andre ord ingen likviditet/kapital i seg sjølv. Dette har vi i kraft av lån frå sokneråda. SKF kan difor presentere det udekka underskotet som eit disposisjonsfond med negativ saldo. Dette ved at vi har lånt eit tilsvarande beløp frå Ikornnes sokneråd og Sykkylven sokneråd sine fond med innsamla midlar.

Soknerådsfinansierde investeringar/prosjekt

Vidare er forvaltninga og drifta av kyrkjene også i sterk grad prega av økonomiske bidrag frå både Ikornnes sokneråd og Sykkylven sokneråd. Samla sett for åra 2014-2019 utgjer dette så mykje som kr. 2 708 000,- (jf. vedlegg 2-7). Dette gir seg direkte utslag i kyrkjenes både utsjånad og funksjonalitet.

Kyrkjene som kulturbrygg

Kyrkjene i Sykkylven er i stor utstrekning brukt til konserter og andre kulturelle arrangement. Vi kan mellom anna vise til godt samarbeid med kultureining i kommunen, med skular, barnehagar og ikkje minst dei ulike kor og korps i bygda. P.t. øver desse kora fast ein gong i veka i kyrkjene: Jubasong, Sykkylven Gospelkor, Velledalskoret og Hundeidvik blandakor. Dette i tillegg til kora i regi av kyrkja sjølv.

Kyrkja som viktig aktør i folkehelsearbeidet

Som dei ulike punkta ovanfor også viser har svært mange av kommunens innbyggjarar ulike tilknytningar og relasjonar til kyrkja sitt arbeid. Verdiformidlinga, trusopplæringsarbeidet, tenestetilbodet og fellesskapsbygginga er ulike eksemplar på kyrkja sin innsats for direkte eller indirekte å fremme befolkningas helse og trivsel. Dette kan seiast å være viktige faktorar i det førebyggande arbeidet, men som i utgangspunktet er vanskeleg å måle/talfeste.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

F-sak 16/20 Høyring av ny forskrift om økonomiforvaltninga i sokn i Den norske kyrkja

Vedtak:

Økonomiutvalet fekk mandat til å behandle saka og gi høyningsuttale på vegne av Sykkylven kyrkjeleg fellesråd.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

F-sak 20/20 Satsar og reglement ved leige av kyrkjene

Endringane i satsane og reglement vart framlagt.

Vedtak:

Vedtaket vart godkjent einstemmig, 6 røyster for.

F-sak 21/20 Val av leiar og nestleiar

Val av leiar og nestleiar.

Skriftleg val jfr. «Reglar om formene for menighetsråd og kirkelig fellesråds virksomhet»

Vedtak:

1. *Val av leiar: Av 6 røyster gjekk 6 røyster til Ellen Brautaseth Vatne.*

2. *Val av nestleiar. Av 6 røyster gjekk 5 stemmer til Torbjørn Støylen. Ei blank stemme.*

F-sak 22/20 Ny samordna HMS-avtale mellom fellesråd og bispedømeråd

Tidlegare avtale blir videreført slik det ligg føre.

Vedtak:

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

F-sak 23/20 Revisjon av vedtekter til Sykkylven kyrkjegard

Vedtekten blei godkjent med følgjande endring : «Vedtekter for Sykkylven gravplass.»
Med tanke på den nye Trussamfunnslova frå 01.01.2021 der ordet Gravplass er kome inn
i staden for kyrkjegard.

Vedtak:

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

4. Dei tilsette

Lønna av kommunale midlar (4,15 årsverk):

Arild Sporsheim	- Kyrkjeverje i 100% stilling.
Rose Iren Stave	- Kantor i 100% stilling.
Elise Ullavik	- Kontorsekretær i 55% stilling.
Runar Bårnes	- Driftsleiar/kyrkjetenar/kyrkjegardsmedarbeidar i 40%/20%/40% stilling.
Olav Sverre Strømme	- Reinhaldar i 40% stilling.
Savindri Perera	- Organist i 20 % stilling (<i>frå 01.03.2019</i>)

Lønna av sokneråda (innsamla midlar og statlege trusopplærings- og diakonimidlar):

Katrine Numme	- Ungdomsarbeidar i 100% stilling.
Anna Myklebust	- Trusopplærar i 80% stilling.
Kristin Kjemphol Lohne - Diakon i 80% stilling (<i>nyoppretta stilling frå 05.08.2019</i>)	

Likestilling: 6 kvinner og 3 menn

Tilsette i Møre bispedømme (med tenestested i Ikornnes og Sykkylven):

Erlend Lunde	- Sokneprest i Ikornnes sokn, 60% stilling.
Simen Elias Nordbrønd Myklebust	- Sokneprest i Sykkylven sokn, 100% stilling.

5. Kyrkjene

5.1. Kyrkjelege handlingar

Kyrkjelege handlingar (samla):

- 78 gudstenester (88 i 2016, 86 i 2018, 92 i 2017)
- 49 døypte og 63 konfirmerte (52 og 82 i 2019, 40 og 89 i 2018, 57 og 83 i 2017)
- 7 vigslar (9 i 2019, 7 i 2018, 16 i 2017)
- 54 gravferdsseremoniar (66 i 2019, 65 i 2018, 62 i 2017)

Konfirmasjonane 2020 vart flytta frå mai til oktober på grunn av koronapandemien.

5.2. Koronapandemien (Covid-19)

2020 vart eit år der alle land i heile verda på ulikt vis stod overfor ein Covid-19 viruspandemi, oftaast kalla for koronapandemien. I januar 2020 vart dette nye, farlege og svært smittsame viruset

identifisert også i Norge. Dette resulterte i at regjeringa v/statsministeren sette i verk strenge, inngripande og omfattande tiltak for å slå ned ein koronaepidemi i landet.

Kyrkjene vart umiddelbart stengt for all aktivitet, med unntak av sorgsamtalar, gravferder og bisettingar. Oppvarminga i kyrkjene vart dermed redusert til 8-10 grader i dei fleste rom. Kyrkjekontoret vart også stengt og dei fleste tilsette gjekk over til heimekontor med møteverksemd ved hjelp av digitale lyd- og bildeverktøy. Læringskurva var bratt.

Gudstenestene den 15. og 22. mars vart avlyst, men allereie den 29. mars var vi på plass med digitale gudstenester. Omstillingsevna var stor og det vart gjort eit formidabelt arbeid med ulike lyd- og bildeoppptak, med tilhøyrande redigeringsarbeid. Det vart også lagt ut ein del gudstenester i tekstformat i lokalavisa og på heimesida. Vi fortsatte med videogudstenester ut mars, i påska og fram til 26. april då vi i samarbeid med kultureininga i kommunen kunne invitere til Drive-In-Gudsteneste utanfor Sykkylven kulturhus. Det vart innhenta korttidskonsesjon for sending via FM-bandet slik at deltakarane satt i bilane sine og lytta via bilradioen. Dette var veldig godt og det same vart gjort på 17. mai. Endra smittevernreglar gjorde at vi den 24. mai endelig kunne opne opp igjen med tilbod om ei (kort) nattverdgudstene på morgenon med inntil 50 deltakarar, dette før den digitale gudstenesta kl. 11:00. Frå denne datoën var det var det tilbod om gudstenester resten av året i lys av dei til ein kvar tid gjeldande smittevernreglar, med dertilhøyrande risikovurderingar og drøftingsmøter.

For det har foregått eit grundig, systematisk og omfattande risikovurderings- og drøftingsarbeid i kyrkja som følgje av denne pandemien. Kyrkjeverjen oppretta tidleg kontakt med kriseteiinga i kommunen ved kommunalsjef Eli Otterlei. Bedriftshelsetjenesten i Sykkylven vart også tidleg kopla på og var med på ei rekke (alle) risiko- og drøftingsmøter i løpet av året. Aktørane i dette arbeidet bestod dermed av Lisbeth Tynes Fausa - Sykkylven BHT, Elise Ullavik - verneombud, Rose Iren Stave – tillitsvalgt, Torbjørn Støylen - fellesrådsleiar og representant for sokneråda, Simen E.N. Myklebust og Erlend Lunde - sokneprestane i Sykkylven-Ikornnes, Runar Bårnes - driftsleiar og Arild Sporsheim - kyrkjeverje/dagleg leiar (*referent og HMS-ansvarleg*).

Dette arbeidet gav grunnlag for utarbeiding av lokale instruksar og den første var på plass allereie den 18. mars og omhandla strengt regulerte retningslinjer for gjennomføring av sorgsamtalar, dåps- og vigstsamtalar, samt gjennomføring av gravferd/bisetting, dåp og vigsel. Den første tida var det berre løyve til å samle 20 deltakarar til desse seremoniane, men det endra seg etter kvart gradvis oppover til 50 deltakarar. Vi rapporterte alle vurderingane til kriseteiinga i kommunen og allereie etter andre runde fikk vi svært positive tilbakemeldingar med ein takk for grundig arbeid og gode smitteverntiltak for å hindre smitte av Covid-19. Denne instruksen innbefatta etter kvart også retningslinjer for gjennomføring av minnesamvær, gudstenester og kyrkjekaffi.

Den 3. april vart det også utarbeida ein instruks for unntaksvis bruk av kyrkjene i Korona-perioden. Instruksen gav dei tilsette anledning til å samle, gitt at strenge kriterier kunne overholdast, inntil 5 personar inkludert seg sjølv. Denne fall etter kvart ut og det vart ei gradvis gjenopning av kyrkjene der mellom anna kyrkjerommet i Ikornnes kyrkje vart omgjort til øvingslokale for vaksenkora (Hundeidvik blandakor, Sykkylven Gospelkor og Velledalskoret) og ungdomskoret BlesSing. I byrjinga var vi avventande med å gjenoppta fysiske aktivitetar for barna på grunn av utfordringane knytta til å sikre god nok handhygiene og avstand. Digitale verktøy vart også brukt overfor barna, mellom anna med digitale søndagsskulesamlingar. Auka kunnskap, nye erfaringar og endra nasjonale prioriteringar i smittevernreglane førte til at ein god del av kyrkja sitt arbeid for barna kunne starte opp igjen seinare på året.

Denne heilt spesielle situasjonen førte også til at det vart halde gjenvnlege samrådingsmøter mellom kyrkjeverjene og prosten i Nordre sunnmøre prosti for mellom anna å dele lokale erfaringar og

drøfte korleis nye nasjonale smittevernreglar og revidert smittevernvegleiar skal forstås og kunne implementerast.

Informasjonsarbeidet har vore viktig og kyrkjeverjen inneleia dette med ein felles e-post med «Siste nytt» til medlemmar og varamedlemmar i sokneråd og fellesråd, samt staben, den 11. mars. Det vart sendt ut 18 slike e-postar i løpet av 2020. Heimesida, Facebook, oppslag og plakatar har også vore aktivt brukt som informasjonskanal. Og ved booking av lokalar i kyrkjene har vi opplyst om smittevernansvaret og instruksen med dei ulike smitteverntiltaka.

5.2.1 Beredskapskjøkken

Kjøkkenet i Sykkylven kyrkje vart i medio mars reservert som beredskapskjøkken dersom kjøkkenet på BUAS fekk påvist smitte og måtte vaskast ned (desinfiserast). Det ville gå om lag eit døgn til ein slik nedvask og det var snakk om matlaging til ca. 90 personar. Avtalen vart gjort i telefonsamtale med eit kommunalt nedsett kriseteam v/Morten Oksavik. Kriseteamet hadde i oppdrag å bistå helse og var tillagt utvida fullmakter frå kommunedirektøren til m.a. omdisponering av tilsette i dei kommunale barnehagane og skulane. Dette var ein beredskap som ikkje vart nødvendig å ta i bruk i 2020, heldigvis.

5.3. Investeringar og vedlikehald

I 2020 vart det brukt om lag kr. 440 000,- til investeringar og vedlikehald.

Av større ting kan nemnast:

- Diverse smittevernutstyr, begge kyrkjene
- Rep. av klokketårnet, Ikornnes kyrkje
- Ny varmepumpe (nr. 2), Ikornnes kyrkje
- Rep. av tak, Ikornnes kyrkje
- Rep. av utvendige trapper, Ikornnes kyrkje
- Kjøp av 50 kyrkestolar, Ikornnes kyrkje
- Orgelstemming og ettersyn, Sykkylven kyrkje
- 2 stk. ekstra bårestativ til bårerommet i Sykkylven kyrkje
- Rep. av kyrkestolar, Sykkylven kyrkje
- Juletre i plast, Sykkylven kyrkje
- Diverse lydutstyr
- Diverse data- og kommunikasjonsutstyr
- Prosjekt deponiområdet på gravplassen
- Grusing/vedlikehald av vegar, gravplassen
- EL-arbeid på driftsbygninga ved gravplassen

2020 er også prega av soknerådsfinansierte investeringar/prosjekt ved bruk av gåvemidlar og fondsmidlar. Investeringar på om lag kr. 80 000,- har i hovudsak gått til:

- EL-piano i Ikornnes kyrkje
- Videokameraer ++ for strømming av gudstenester (Kyrkje-TV), Sykkylven kyrkje
- Stålskap for lagring av aktivitetsutstyr, Sykkylven kyrkje

6. Sykkylven kyrkjegard – gravplassen i Sykkylven kommune

Det var totalt 56 gravleggingar i 2020.

6.1. Innleiing

Sykkylven kyrkjelege fellesråd v/kyrkjeverjen har ansvaret for anlegg, drift og forvaltning av gravplassen i Sykkylven. Gravferdsansvaret omfattar alle innbyggjarane i Sykkylven kommune, uavhengig av tru- og livssyn. Utgifter til anlegg, drift og forvaltning av gravplasser utredes av kommunen etter budsjettforslag frå fellesrådet (jf. gravferdsloven §3).

Forvaltninga er regulert av eit tredelt regelverk:

Gravferdsloven, Gravferdsforskriften og lokale vedtekter.

Som gravplassforvaltar mottar vi stadig tilbakemeldingar om at «publikum» opplever Sykkylven kyrkjegard som ein fin og velstelt gravplass. Dette gjer oss stolte, men det gjer oss også bevisste på å forsette eit systematisk og grundig arbeid med fokus på kvalitet og respekt for gravplassens sær preg. Vi søker å gi ei verdig gravferd for alle i respekt for avdødes religion eller livssyn.

6.2. Underrapportering

I slutten av april 2019 var fellesrådsleiar, -nestleiar og kyrkjeverjen i møte med økonomisjef Bergstrøm og då kom det fram at gravplassforvaltninga i mange år har vore underrapportert i forhold til dei reelle kostnadane. Dette var uheldig på fleire vis, ikkje minst i forhold til kva kommunal ramme som vart gitt til trussamfunnet Den norske kyrkja i Sykkylven-Ikornnes og kva som eksplisitt gjaldt den kommunale gravplassforvaltninga, for alle kommunens innbyggjarar uavhengig av trus- og livssyn. Dette gav seg særleg utsLAG i budsjettpostane som gjeld lønn, arbeidsgjevaravgift og pensjon for utearbeidarane, den interne overføringa knytt til administrative lønnskostnadar, samt budsjettposten for graving av graver.

I 2020 var vi i nye møter med kommunen v/kommunedirektør Vegsund og økonomisjef Bergstrøm. Eit av dei vesentleg resultata frå dette er at Sykkylven kommunestyre, etter budsjettframleggget frå kommunedirektøren, vedtok ei splitting av kommunal ramme til Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF) for 2021. Kommunestyret vedtok dermed ein eigen kommunal budsjettpost til SKF som forvaltarar av gravplassen og ein eigen kommunal budsjettpost til SKF på vegne av trussamfunnet Den norske kyrkja i Sykkylven-Ikornnes.

Fordelingsnøkkelen mellom desse 2 budsjettpostane er gjort med 25% av samla rammetilskot 2020 til gravplassforvaltninga og resterande til Den norske kyrkja. I tildelingsbrevet for år 2011 at fordelingsnøkkelen var 15% av samla tilskot.

6.3. Statlege stimuleringsmidlar

I 2020 delte staten ut særskilte statstilskot («koronamidlar») til vedlikehald bygningar av anlegg i kommunane. For Sykkylven sin del gjekk kr. 150 000,- av desse til eit ganske omfattande vedlikehaldsprosjekt av deponiområdet på gravplassen. Det vart også gitt midlar til innkjøp av tidsstyrte dørlåsar til det offentlege toalettet på driftsbygninga.

6.4. Samarbeidspartnarar

Vi har eit godt samarbeid med ein lokal entreprenør, Sykkylven Hageservice, som utfører arbeidet med opning/lukking av graver med tilstelling etter 6 mnd., plantestell, brøyting, samt prosjektarbeid. Elles vil vi også få rette ein stor takk til dei ulike verksemndene (gravferdsbyrå, steinleverandørar m.m.) som vi samarbeidar med og som på ulikt vis bistår dei etterlatte og dei ansvarlege for dei ulike gravstadane (festerane).

6.5. Minnelund

Ønskje om ein minnelund ve Sykkylven kyrkjegard har vore tematisert i ei årrekke, men det var først i 2020 at dette for alvor vart jobba med. Dette ved at ein interpellasjon i Sykkylven kommunestyre, sak 13/20 den 25.02.2020, vedtok å sette ned ei nemnd for å vurdere etablering av ein minnelund i Sykkylven. Nemnda skulle utgjere aktuelle alternativ til etablering og drift av minnelund, sjå på plassering, utforming, organisering, ansvarsfordeling og økonomi.

Leia av kommunalsjef Bjørnar Midtbust vart det gjennomført tre møter i mai/juni 2020 der representantar frå dei ulike gruppene var samla.

Nemnda bestod av:

1. Synnøve Ramstad, oppnemnd av kommunestyret
2. Laila Brunstad-Kvaløy, repr. for Human-Etisk Forbund, Ålesund og omegn lokallag
3. Sigmund Valbø, oppnemnd av kommunestyret
4. Arild Sporsheim, repr. for Sykkylven kyrkjelege fellesråd
5. Kjellaug Roald, repr. for Pensionistlaget
6. Bjørnar Midtbust, repr. for kommuneadministrasjonen

Nemnda for minnelund har uttalt at kommunestyret bør sette av intil kr. 750 000,- i budsjett/økonomiplan til arbeidet med etablering av minnelund i Sykkylven, og at det vidare planleggingsarbeidet i saka bør takast i vare av Sykkylven kyrkjelege fellesråd. Nemnda uttaler vidare at det er vanskeleg å estimere kostnadene til eit slikt prosjekt då det vil være avhengig av kor omfattande – både arealmessig, installasjonsmessig og kunstnarleg – eit slikt prosjekt blir planlagt. Men med grunnlag av samanlikning med andre prosjekt, meiner nemnda like fullt at det kan være retningsgivande å legge følgande tal til grunn:

Planarbeid: 50 000,-

Minnesmerke: 100 000,-

Belegningsstein: 50 000,-

Benkar, lys m.m.: 150 000,-

Beplantning: 50 000,-

Graving, tillaging: 350 000,-

Totalt: 750 000,-

Kommunedirektør Geir Ove Vegsund uttaler (i saksframlegg til kommunestyresak/KST 68/20 den 28.09.2020) at han «ser på nemnda sitt arbeid som eit godt grunnlag for vidare framdrift i saka. Organisatorisk er det heilt rett at dette ansvaret blir plassert hos Kyrkjeleg Fellesråd som er gravplassforvaltar for Sykkylven kommune. Når det gjeld dei økonomiske sidene ved saka, finn kommunedirektøren det rett at dette blir tatt opp i samband med årsbudsjett for 2021/økonomiplan for 21-24. Det går fram av uttalen frå nemnda at dei estimerer desse konsekvensane til om lag 750

000 kroner. Dette må kommunestyret ta stilling til i samband med oppsett av årsbudsjett/økonomiplan.»

Det vart gjort følgande vedtak i KST 68/20:

«Sykkylven kommunestyre tar uttalen frå nemnda for minnelund til vitande, og vil kome attende til vidare framdrift i samband med handsaming av årsbudsjett for 2021/økonomiplan for 21-24.»

Ved fastsetting av årsbudsjett år 2021 (KST 100/20 pkt. 19) vart det gjort følgande vedtak:

«19. Kommunestyret oppmodar Fellesrådet om å starte arbeidet med vidare konkretisering av planane for minnelunden, herunder vurdere plassering mv. i samarbeid med kommunedirektør/Teknisk eining, slik at revidert kostnadsoverslag og detaljplan kan utarbeidast i løpet av 2021.»

6.6. Av større saker i det vidare

- Minnelund
Ei kommunalt nedsett nemnd har behandla og avgitt svar tilbake til kommunestyret i forhold til spørsmålet om etablering av ein minnelund i Sykkylven. Det er ikkje bevilga pengar enda, men det er plan om å gjere dette i år 2021.
- Utviding av gravplassen
Allereie i eit 10-årvindauge vil dette være eit behov. Gravferdslovas krav er at gravplassen til ein kvar tid har ledige graver for minst 3% av kommunen sine innbyggjarar (§2). Kommunen v/ordførar Odd Jostein Drotninghaug har signalisert at dette er kjent og at det er gjort tiltak i forhold til kjøp av areal til mogleg utviding mot søraust.
- Støyskjerming mot riksvegen
Støynivået frå riksvegen er tidvis for høgt. Dette gjeld spesielt ved gjennomføring gravferdar på dei nærmaste gravfeltene langs riksvegen (A-, C-, L- og K-feltet).

7. Økonomi

Rekneskapet for Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF) er inndelt i 4 avdelingar:

Avd. 41: Administrasjon (kyrkjekontor, lønn administrative stillingar)

Avd. 42: Kyrkjer (drift av kyrkjene og lønn kantor, organist, kyrkjetenarar, reinhaldar)

Avd. 43: Kyrkjegard (graving, stell, lønn kyrkjegardsmedarbeidar og administrasjon)

Avd. 44: Anna kyrkjeleg verksemd (barne-/ungdoms-/kyrkjelydsarbeid i begge sokna, lønn trusopplærar, ungdomsdiakon og diakon). Avd. 44 blir avslutta mot ulike kyrkjelydsfond og mot soknerådsrekneskapa.

Årsrekneskapet for 2020 viser eit positivt resultat år 2020 på heile kr. 228.413,-. Hovudårsaken til dette er reduserte lønnskostnadar som følge av fleire langtidssjukmeldingar med svært reduserte vikarkostnadar grunna pandemiens begrensingar på aktivitet. Årsresultatet vart i si heilheit brukt til å redusere tidlegare års opparbeida underskot frå kr. 234.893,- til kr. 6.478,-.

Totalkapitalen pr. 31.12.2020 utgjer kr. 7 331 980,- mot kr. 7 106 935,- pr. 31.12. 2019. Av den samla totalkapitalen utgjer bundne driftsfond pr. 31.12.2020 kr. 4 506 380,- mot kr. 4 571 650,- pr. 31.12.2019.

Bundne driftsfond tilhøyrer sokneråda (avd. 44), ikkje fellesrådsdrifta (avd. 41-43). Relativt låg bruk/endring av fondsbehaldninga (i motsetning til tidlegare år) skyldast i hovudsak reduserte

lønnsutgifter til lønn Trusopplærar og Ungdomsarbeidar, lågare bruk av fondmidlar til soknerådsfinansierte investeringar/prosjekt i kyrkjene i 2020, samt ei svak auking i gjevartenesta.

Etter SKF si oppfatning gir årsrekneskapen for 2020 eit rettvisande bilet av aktiviteten i året og stillinga ved årsskiftet. Årsrekneskapen for 2020 er sett opp under føresetnad om vidare aktivitet.

8. Oppsummering/målloppnåing/resultat

8.1. Eit heilt spesielt år

2020 vart eit heilt spesielt år på grunn av pandemiens store innverknad på det kyrkjelege arbeidet. Ein god del av det som var planlagt måtte dessverre avlysast eller utsettast, men mykje vart likevel gjennomført grunna stor omstillingsevne, kreativitet, kunnskap og samhandlingsevne i organisasjonen. Straumforbruket vart redusert som følgje av dette, men dette vart utlikna med reduserte leigeinntekter i om lag same storleik.

Syklyven kyrkjelege fellesråd retter ein stor takk til tilsette, frivillige/uløna medabeidarar, samarbeidspartnarar og dei ulike brukarane og leagetakarene for den gode innsatsen som er gjort med å bidra i den nasjonale dugnaden mot koronasmitte.

8.2. Økonomi

Syklyven kyrkjelege fellesråd (SKF) har ein utfordrande økonomi som i ei årrekke har vore prega av opparbeida underskot. Manglande og ustabil justering for lønns- og prisvekst er medverkande til dette og noko som er viktig å få inn som ei fast ordning. SKF meiner at alle er tent med dette, både kommunen, politikarane og kyrkja. Dette slik at SKF blir behandla likt med dei andre kommunale einingane og at ein slepp at det blir gjort skjulte kutt som følgje av manglande justering for lønns- og prisvekst ved overgangen til nytt år.

Årsresultatet 2020 viser eit betydeleg mindreforbruk på kr. 228.413,-. I seg sjølv er dette svært positivt, men det skyldast i hovudsak reduserte lønnskostnadjar som følgje av fleire langtidssjukmeldingar og svært reduserte vikarkostnadjar grunna pandemiens begrensingar på aktivitet. Ved normal drift ville resultatet truleg vore eit meirforbruk.

I samråd med Økonomisjef Bergstrøm vart det i 2019 avdekka ei underrapportering av dei reelle kostnadane i gravplassforvaltninga. Kort fortalt innebar dette at det kommunale rammetilskotet, til trussamfunnet Den norske kyrkja i Sykylven-Ikornnes, er lågare enn tidlegare antatt. Vi fikk lagt dette ytterlegare fram i møter med kommuneadministrasjonen i 2020 og resultatet var at kommunestyret vedtok ei splitting av den kommunale ramme til Sykylven kyrkjelege fellesråd (SKF) for 2021. Dette slik at kommunestyret dermed vedtek ein eigen kommunal budsjettpost til SKF som forvaltarar av gravplassen og ein eigen kommunal budsjettpost til SKF på vegne av trussamfunnet Den norske kyrkja i Sykylven-Ikornnes. Dette er gjeldande for rammetilskotet 2021, men økonomisjef Bergstrøm har gitt munnleg beskjed om at KOSTRA-rapporteringa for 2020 vart gjort med same fordelingsnøkkelen.

8.3. Kyrkjebygga

År 2020 var prega av relativt store kostnadars knytta til kjøp av smittevernustyr til begge kyrkjene. Klokketårnet ved Ikornnes kyrkje vart restaurert, vi kom godt i gang med reperasjon av utvendige trapper og det vart utført mindre reperasjonar av tak. Det vart også kjøpt inn 50 brukte stolar frå Sykkylven bedehus for å supplere og erstatte øydelagde stolar i Ikornnes kyrkje. Til bårerommet i Sykkylven kyrkje vart det kjøpt inn to ekstra bårestativ for å auke kapasiteten i møte med pandemiens fare. Elles vart det også utført reperasjonar av eit titals kyrkestolar, kjøp av juletre i plast og kjøp av diverse lyd- data- og kommunikasjonsutstyr til Sykkylven kyrkje.

Av soknerådsfinansierte prosjekt må det nemnast at det vart det kjøpt inn eit EL-piano til Ikornnes kyrkje. Takk til Hudeidvik blandakor som både initierte og samla inn pengar til dette! For Sykkylven kyrkje vart det kjøpt inn ein del utstyr for etablering av ei permanent løysing for videooverføring/strømming av gudstenester og eventuelt andre moglege formål i kyrkjerommet.

Vi har to tenlege arbeidskyrkjer som er fylt av mykje aktivitet med stor satsing på trusopplæring og arbeid blant unge, vaksne og eldre. Det diakonale arbeidet er i stor framdrift under leiing av diakonen. Oppdraget i det vidare vil være å framleis søke å legge til rette for frivillig engasjement; auka involvering og eigarskap til arbeidet i kyrkja/kyrkjelydane med og for barn, unge, vaksne og eldre.

8.4. Gravplassen

Sykkylven kyrkjegard er ein fin og velstelt gravplass som vi opplever ei ein tenleg gravplass for både innbyggjarar og tilreisande i Sykkylven.

Som tillegg til det årlege vedlikehaldet har vi i 2020:

- Totalrenovert deponiområdet
- Kjøpt tidstyrte dørlåsar til det offentlege toalettet i austenden av driftsbygninga

8.5. Tilsette

Det var ingen endringar i tilsettingtilhøva i 2020.

Sykkylven kyrjelege fellesråd sitt ansvarsområde er prega av systematisk arbeid, utført av ein dyktig stab, eit betydeleg tal frivillige/uløna medarbeidarar og samarbeid med ulike organisasjonar og verksemder.

8.6. Grunnlag for framleis drift


Leiinga si vurdering er at Sykkylven kyrjelege fellesråd evner å halde fram drifta i 2021.

Vedlegg: 1. Balanseoppstilling – Vedlegg 3
2. Noter til rekneskapet

For Sykkylven kyrkjelege fellesråd, 20.05.2021


Ellen Brautaset Vatne
Fellesrådsleiar


SYKKYLVEN
KYRKJELEGE FELLESRÅD


Arild Sporsheim
Kyrkjeverje / Dagleg leiar

Fellesrådssamansettninga ved inngangen til år 2021

Ellen Brautaset Vatne	– fellesrådsleiar	(frå Ikornnes sokneråd)
Torbjørn Støylen	– nestleiar	(frå Sykkylven sokneråd)
Birgitte J. Sætre Bonesmo	– styremedlem	(kommunal representant)
Svein Maron Runde	– styremedlem	(geistleg representant)
Bergljot Hjortdal	– styremedlem	(frå Ikornnes sokneråd)
Therese Kristin Utgård	– styremedlem	(frå Sykkylven sokneråd)
Arild Sporsheim	– kyrkjeverje/dagleg leiar	
Ingmund Eliassen	– varamedlem	(frå Ikornnes sokneråd)
May Lisbeth Hovlid Aurdal	– 1. varamedlem	(frå Sykkylven sokneråd)
Bjørg Djupvik Grebstad	– 2. varamedlem	(frå Sykkylven sokneråd)
Erlend Lunde	– varamedlem	(for geistleg representant)
Odd Jostein Drotninghaug	– 1. varamedlem	(for kommunal representant)
Anita Sølv Vollstad	– 2. varamedlem	(for kommunal representant)

Balanseoppstilling - Vedlegg 3
Sykylven kyrkjelege fellesråd

2020
Side 1
08.03.2021 09:36:07
Magne Eirind

Periode 0-12	2020	2019
EIENDELER		

Anleggsmidler

22700001 - Sykylven kyrkje	1	1
22700002 - Ikonenes kyrkje	1	1
22700003 - Sykylven kyrkjegard	1	1
Sum Faste eiendommer og anlegg	3	3

Sum Utstyr,maskiner og transportmidler

Sum Utlån

22100001 - Aksjer og andeler	239 304	223 307
Sum Aksjer og andeler	239 304	223 307
Sum Anleggsmidler	239 307	223 310

Omløpsmidler

21310040 - Mommkompenasjons	493 391	850 251
21375002 - Samlekonto Débitorer	115 162	323 803
21375007 - Tilgode frå konfirmantar	50 000	
Sum Kortsiktige fordringer	658 553	1 174 054

21899001 - Forsknudd til ansatte	14 272	
Sum Aksjer og andeler	14 272	

Sum Sertifikater

Sum Obligasjoner

21000001 - KASSE	900	900
21020001 - BANK - 4045 30 34315	426 004	313 204
21020002 - Fondskonto 4045 66 01032	3 916 587	3 905 558
21020003 - Gårekonto 3910 38 74169	355 458	
21020005 - Konto for gravfond 4045 68 76899	1 616 010	1 371 902
21098001 - Skattetrekk	119 160	103 735
Sum Kasse postgiro baukinnskudd	6 434 119	5 695 299

Sum Omløpsmidler	7 092 673	6 883 625
-------------------------	------------------	------------------

Sum EIENDELER	7 331 980	7 106 935
----------------------	------------------	------------------

EGENKAPITAL


25600010 - Avsett investeringsmidler	-98 660
--------------------------------------	---------



DEN NORSCHE KYRKJA
Sykylven kyrkjelege fellesråd

Jf. F-sak 6/21 Fastsetting av rekneskapet for 2020
Sykylven 04.03.2021

Ellen Brautaset Vatne
fellesrådsleiar, Ellen Brautaset Vatne



Arild Sporsheim
kyrkjeverje/dagleg leiar, Arild Sporsheim

Balanseoppstilling - Vedlegg 3
Syklyven kyrkjelege fellesråd

2020

Side 2

08.03.2021 09:36:16

Magne Eivind

Periode 0-12	2020	2019
Sum Disposisjonsfond	-98 660	
25110000 - Avsett til barne- og ungdomsarbeid Ikommes	-396 326	-348 049
25110002 - Avsett til kyrkjelydsarbeid Ikommes	-193 619	-145 342
25120000 - Avsett til barnearbeid Syklyven	-1 017 235	-966 744
25120001 - Avsett til ungdomsarbeid Syklyven	-898 585	-829 353
25120002 - Avsett til kyrkjelydsarbeid Syklyven	-222 316	-153 085
25120003 - Avsett til Syklyven kyrkje	-215 669	-215 669
25130000 - Avsett til trusopplæringsarbeidet	-474 592	-763 326
25130001 - Avsett til musikkarbeidet	-4 813	
25130002 - Avsett til stabsutvikling	-32 211	-20 511
25130003 - Avsett til diakoniarbeid	-1 051 014	-1 129 571
25282000 - Avsett til trusopplæringsarbeidet		
Sum Bundne driftsfond	-4 506 380	-4 571 650
Sum Ubundne investeringsfond		
Sum Bundne Investeringsfond		
Sum Regnskapsmessig mindreforbruk		
25900001 - Udekkta underskot	6 478	234 892
Sum Regnskapsmessig merforbruk	6 478	234 892
Sum Likviditetsreserve		
25990000 - KAPITALKONTO	-239 304	-223 307
Sum Kapitalkonto	-239 304	-223 307
Sum EGENKAPITAL	-4 837 866	-4 560 065
Langsiktig Gjeld		
Sum Ihendehaverobligasjonslån		
Sum Sertifikatlån		
Sum Andre lån		
Sum Langsiktig Gjeld		
Kortsiktig gjeld		
Sum Kassekreditlån		



DEN NORSKE KYRKJA
Syklyven kyrkjelege fellesråd

Jf. F-sak 6/21 Fastsetting av rekneskapet for 2020
Syklyven 04.03.2021

Ellen Brautaset Vatne
fellesrådsleiar, Ellen Brautaset Vatne



Arild Sporsheim

Kyrkjeverje/dagleg leiar, Arild Sporsheim

Balanseoppstilling - Vedlegg 3
Sykylven kyrkjelege fellesråd

2020
Side 3
08.03.2021 09:36:20
Magne Eivind


Periode 0-12	2020	2019
23214003 - Oppgjørskonto mva.	-27 668	-31 164
23214021 - Utgående mva (lav sats)		1 978
23290901 - Skuldig løn	-71 751	
23290907 - SKYLDIG ARBEIDSGIVERAVGIFT	-49 946	-54 905
23290908 - SKYLDIG FERIEPENGER	-322 831	-344 601
23290909 - AVSATT ARB.GIVER AVG. FERIEP.	-45 519	-49 862
23299001 - interimskonto Direkteremittering		
23299006 - Samlekonto Kreditorer	-259 372	-606 633
23299007 - Skuldig Sykylven sokn		
23299009 - Trekk kompetanseformål	-4 893	-8 111
23299100 - Avsatt midlar til gravlegat / gravfond	-1 616 010	-1 371 902
23314001 - Forskuddstrekk	-119 160	-81 670
23320001 - Pålopte kostnader	3 750	
23320002 - Forskotsbetaling	19 286	
Sum Annen kortiktig gjeld	-2 494 114	-2 546 870
Sum Kortsiktig gjeld	-2 494 114	-2 546 870
Sum GJELD	-2 494 114	-2 546 870
Sum EGENKAPITAL OG GJELD	-7 331 980	-7 106 935
MEMORIAKONTO		
Sum Ubrukte lå nemidler		
Sum Andre memoriakonti		
Sum Motkonto for memoriakontiene		
Sum MEMORIAKONTO		
Sum BALANSE		



DEN NORSKE KYRKJA
Sykylven kyrkjelege fellesråd

Jf. F-sak 6/21 Fastsetting av rekneskapet for 2020
Sykylven 04.03.2021

Ellen Brautaset Vatne
fellesrådsleiar, Ellen Brautaset Vatne



Arild Sporsheim
kyrkjeverje/dagleg leiar, Arild Sporsheim



Noter til rekneskap for Sykkylven kyrkjelege fellesråd SKF 2020

Note 1:

Rekneskapsprinsipp og vurderingsreglar

Fellesrådet sin rekneskap er ført i samsvar med Forskrift om økonomiforvaltning fastsett av kultur- og kyrkjedepartementet 25. september 2003 og God kommunal regnskapsskikk. Dei kommunale rekneskapsprinsippa betyr blant anna at inntekter og utgifter er ført etter bruttoprinsipp og utgifter/inntekter er ført etter det såkalla anordningsprisnippet som betyr at alle kjente inntekter og utgifter blir tatt med i drifts- eller investeringsrekneskapen. I balanserekneskapen er omløpsmidlar vurdert etter lågaste verdi prinsippet. Anleggsmidlar er vurdert til anskaffelseskost. Anleggsmidlar som har avgrensa økonomisk levetid blir avskrive med like store årlege beløp over anleggmiddellet si levetid.

Note 2:

Kommunalt tilskot

Drift:

Kommunen sitt tilskot til fellesrådet si drift er kr. 4.158.000,-. Dette tilskotet skal dekke drift av administrasjon og drift av den lokale kyrkja og gravplassen.

Investering:

Det er utbetalt kr. 538 577,- i ekstra midlar frå kommunen i 2020.

Note 3:

Løn og personalutgifter

Består av følgjande postar:	2020	2019
Løn og honorar	2 917 324	3 136 271
Folketrygdavgift	445 562	509 982
Pensjonsutgifter	408 818	461 006
Andre lønsutgifter	45 428	60 061
Sum løns- og personalutgifter	<u>3 817 132</u>	<u>4 167 320</u>
Gjennomsnittleg antal tilsette som utfører gjennomsnittlig årsverk	9	9
	<u>6,75</u>	<u>6,75</u>

**Av dette er 2,6 årsverk finansiert av innsamla midlar og statleg tilskot
(trusopplæringsmidlar og diakonimidlar).**

NB! Endring frå tidlegare år: kommunale midlar til 0,25% stilling Ungdomsarbeidar er fjerna grunna underskot i SKF.

Løn og anna godtjersle til dagleg leiar: Kr. 630.962,-.
Honorar til folkevalde: Kr. 29.750,-

Revisor:

Revisjonshonorar for 2020 utgjer kr. 39.000,- eks. mva.

Dette gjeld fellesrådet og dei to sokneråda.



DEN NORSKE KYRKJA

Sykylven kyrkjelege fellesråd

Note 4:

Bunde midlar:

I posten bankinnskot inngår bunde bankinnskot / skattetrekksmidlar med kr. 119.160,-.

Note 5:

Pensjon:

Sykylven kyrkjelege fellesråd har gjennom KA inngått tariff-regulerte pensjonsavtalar med KLP.

Pensjonsutgiftene blir betalt og rekneskapsført som utgifter på det året pensjonen er opptent.

Arbeidsgjevars del av premie er kr. 408.818-. Tilsette betaler 2% av løn i premie.

Av premien i 2020 er reguleringspremien på kr. 59.724,-.

Brutto påløpt pensjonsforplikting er kr. 7 773 658

Pensjonsmidlar utgjer kr 6 933 847

Pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar er ikkje balanseført.

Note 6:

Anleggsmidlar:

Varige driftsmidler:

	Udstyr/inventar 5 år	Maskin,Trspm. 10 år	Kyrkjer 80 år	Kyrkjegardar	SUM 2020
Anskaffelseskost 1/1	-				
Tilgang					
Avgang					-
Anskaffelseskost 31/12	-				
Akkumulerte avskrivinger 31/12	-				
Balanseført verdi pr. 31/12	-		3		
Årets avskrivinger	-				

Anskaffelseskost for kyrkjer er førebels ikkje utrekna.

Note 7:

Avsetningar og bruk av avsetningar

	Disposisjons Fond	Bunde driftsfond	Ubunde Inv.fond	Bunde Inv.fond	SUM: 2019	
Saldo pr 01.01:		4 571 650		-	4 571 650	
Avsetningar	98 660	342 592		-	441 252	
Bruk av avsetningar		407 862		-	407 862	
Saldo pr 31.12:	98 660	4 506 380		-	4 605 040	

Jfr. fyldig oversikt bruk/avsetjing.

Note 8:

Postadresse:
Kyrkjevegen 24
6230 Sykylven

Besøksadresse:
Kyrkjekontoret
Kyrkjevegen 24
6230 Sykylven

Tlf.: 70 24 69 00
E-post: post@sykylven.kyrkja.no
Heimeside: www.sykylven.kyrkja.no
Org. nr.: 976 997 298 Kontonr.: 4045.30.34315



DEN NORSKE KYRKJA
Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Kapitalkontoen:

	Debet	Kredit
INNGÅANDE BALANSE pr 01.01		223 307
Aktivering av fast eigedom og anlegg		
Avskrivningar av fast eigedom og anlegg		
Avskrivningar av utstyr, maskiner og transp.m.		
Eigenkapitalinnskudd KLP		15 997
Nye lån	0	
Avdrag på lån		0
UTGÅANDE BALANSE, pr 31.12	239 304	
	239 304	239 304

Sykkylven, 11.02.2021

Med helsing
Arild Sporsheim
Kyrkjeverje / Dagleg leiar

KOPI